

Mestvinnande båttypar i Seilmakeren Doublehanded

Av Harald Gjøsæter

Etter 18 gjennomførte regattaer i serien er det interessant å ta eit djupdykk i resultatlistene for å sjå det teiknar seg nokre tydelege trendar. Eg har berre sett på topp-3 plasseringar og berre innanfor klassane. Og ja, det er ingen tvil om at det peikar seg ut nokre båttypar og fabrikkantar som er oftare å sjå mellom dei tre første i kvar klasse. Ein mulig grunn er at desse båttypane er dei vanlegaste mellom deltakarane. Sidan eg ikkje har rekna på resultatata sett opp mot talet på båtar av denne typen som har delteke, kan dette påverka resultatata. Ein annan mulig grunn er at desse båttypane er spesielt godt eigna for segling med berre to personar om bord, og/eller at dei generelt er gode regattabåtar. Eller at desse typane er dei mest populære mellom dei beste seglarane. Eller at dei har eit gunstig måltal... Som vi ser, er det ikkje så lett å dra bastante konklusjonar basert på denne lista, men her er i alle fall ei liste over alle båttypane som har vore mellom dei tre beste i kvar klasse sidan regattaen starta opp i 2005, så kan lesarane sjølv tolka resultatata slik dei ønskjer. Under tabellen har eg laga ei oppsummering og presenterer nokre tankar om resultatata;

	Båttype	N
1	Elan 37	24
2	Albin Express	16
3	X-35 OD	11
4	Maxi 1050	9
5	Maxi Mixer Cr	9
6	Beneteau First 40,7	7
7	X-332	7
8	Bavaria 42 Match	5
9	Bavaria 35 Match	4
10	Elan 410	4
11	Beneteau First 36,7	4
12	Beneteau First 44,7	4
13	Swan 45	4
14	Aphrodite 101	3
15	Beneteau First 31,7	3
16	Hanse 320	3
17	Dehler 38	2
18	Diva 36E	2
19	Elan 40	2
20	Beneteau First 34,7	2
21	Beneteau First 35	2
22	Hanse 325	2
23	Hanse 430E	2
24	Jeaneau Sun shine 38	2
25	JPK 1030	2
26	Landmark 43	2
27	Linjett 32	2
28	One Off 36	2
29	Jeaneau Sun Od. 40,3	2
30	Wasa 38	2
31	X-412	2
32	Banner 28	1



Elan 37 (her eksemplifisert med Vito-4) er mestvinnande båttype. Foto: Giske Berland

33	Banner 30	1
34	Bavaria 36 AC	1
35	Bavaria 38 Match	1
36	Bavaria 42 Cr	1
37	CB33	1
38	Crown 39	1
39	Diva 35	1
40	Elan 33	1
41	Elan 333	1
42	Elan 380	1
43	Farr 30	1
44	Beneteau Figaro-2	1
45	Beneteau First 38s5	1
46	Beneteau First 45f5	1
47	Granada 31	1
48	Grand Soleil 45	1
49	J109	1
50	J80	1
51	J92S	1
52	Koopmans 35	1
53	Mini 650 Proto	1
54	Minitransat	1
55	Omega 34	1
56	Scanmar 33	1
57	Seascope 27	1
58	Van de Stadt 40	1
59	VQ32	1
60	Wasa 55	1
61	X-99	1
62	X-99 JR	1



Albin Express dominerte i den minste klassen fram til 2014. Foto: Giske Berland

Elan 37 er båten med suverent flest topp-3-plasseringar, og på ein god andre plass kjem Albin Express. Medan Elan 37 har vore med i heile perioden, var det mange Expressar med dei første åra, men ettersom det vart innført strengare sikkerheitskrav utover i perioden, forsvann dei fleste Expressane. Siste året ein Express var mellom dei fremste på resultatlista var i 2014, men før det, så dominerte gjerne Expressane som topp-3 i den minste klassen dei fleste åra. På tredje plass kjem X-35, som også har vore med gjennom mesteparten av perioden. Medan Elan 37 er klassifisert som IMS divisjon «Cruiser/racer», er Albin Express klassifisert som «Sportboat» og X-35 som «Performance». Mellom båtane med minst to topp-3-plasseringar er det faktisk berre desse to båttypane som ikkje er i divisjon «Cruiser/racer».

Tek vi steget opp frå båttype eller modell til fabrikk, ser tabellen slik ut for dei med meir enn ti topp-3-plasseringar. Framleis er det Elan som dominerer, med Beneteau på andre og X på tredje plass. Beneteau er inne på lista med heile 9 ulike typar eller modellar, medan Elan har 6 og X stiller med 5 modellar.

Fabrikk	N
Elan	33
Beneteau	25
X	22
Maxi	18
Albin	16
Bavaria	12